Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 8 | Fylke: Aust-Agder

Tilleggsspørsmålnr. | Herad: Birkenes

Emne: Beit og brom | Bygdelag.

Oppskr. av: Andreas Ropeid | Gard:

(adresse): NEG. | G.nr. | Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Heimelsmenn: Thorvald Svaland, f. 1872 på Svaland i Birkenes og bonde der.
Govert Mollestad, f. 1890 på Mollestad i Birkenes og bonde der.

Brom er toppane, dei ytste skota, av lauvtre med knuppar på. G.M. veit ikkje om at nokon har brukt dei til fôr, men han reknar det ikkje for urimeleg at dei kan ha gjort det. T.S. hugsar at dei brukte det eit år i 1880-åra på Svaland, eit år det var fôrnaud. Han hugsar ikkje andre som har gjort det.
T.S. hugsar også at då dei hadde geiter – det var mens han var gutunge – då kjørte dei heile tre og greiner heim i tunet og let geitene gå og eta av det. Det var om vinteren.
G.M. hugsar at han i guteåra såg at det låg hangar med kvist på tunet enkelte stader på heia, på Svaland og Ramslia. Det var furekvist og bjørkekvist. „Naturlegvis for sauen".
Ingen av heimelsmennene kjenner namnet på dette fôret.

7. – ukjent.

16526